

RETNINGSLINER FOR BRØYTING

AV **PRIVATE VEGAR**

1. Skriftleg søknad om brøyting av privat veg skal sendast Haram kommune innan den frist som vert fastsett ved kunngjering. Søknaden skal minimum vere underskriven av oppsittarane sin kontaktperson. Personen vert ansvarleg overfor kommunen for at den aktuelle vegen er i ein slik tilstand at den kan brøytast, at brøytetikker er oppsett, og at utsendt faktura vert betalt innan fristen.
2. Kommunen avgjer søknaden innan 14 dagar etter utløpet av søknadsfristen. Kommunen vil ved avgjerdsla legge vekt på om vegen har den nødvendige standard, og om kommunen gjennom sine ressursar har kapasitet til å ta på seg oppdraget.
3. Eventuell avtale om brøyting gjeld for ein brøytesesong. Eventuell ny søknad må innsendast påfølgjande år. Jfr. pkt. 1.
4. Kommunestyret fastset årleg satsar for gjennomføring av brøytinga. Satsane vert delt i eit fast vederlag pr. veg, og eit variabelt vederlag i høve til lengda på vegen.
5. Det vert utstedt ein faktura pr.veg. Fakturaen vert utsendt til den kontaktpersonen som vert oppgitt i søknaden, og som er ansvarleg for betaling. Fakturaen må vere betalt innan forfallsdato, for at brøyting skal verte utført. Jfr. pkt. 1.
6. Brøyteberedskapen er frå siste helga i november til første helga etter påske. Brøytinga vil verte utført innan 24 timar ved snøfall, dersom ikkje maskinhavari eller liknande skjer. Kommunale vegar vert prioritert først.
7. Vegstandarden må vere slik at brøyteutstyret ikkje vert skada. Vegen skal difor ikkje ha steinar, røter eller liknande som stikk opp i vegbana. Breidda på vegen bør vere min 3m og stigning maks 1:8. Generelt må det vere plass for snølagring langs vegen sine grøfte-/sidekantar.

Vegetasjon og liknande langs vegen skal ikkje henge lågare enn 4m over køyrebana.
8. Der vegen er blindveg og over ei gitt lengde (ca.25m), skal det vere moglegheiter for å snu. Er det mogleg å køyre gjennom, kan snuplass sløyfast.
9. Vegen må merkast med brøytetikker før brøytetestart. Ved behov må det supplerast med nye i løpet av sesongen. Jfr. pkt. 1
10. Haram kommune har ikkje ansvar for skadar som måtte verte påført vegen, beplantning, murer, gjerder eller andre innretningar langs vegen.
11. Haram kommune kan stoppe brøytinga av vegen, dersom vilkåra ovanfor ikkje vert oppfylt, eller at forsvarleg brøyting ikkje kan gjennomførast.